

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.03.2023

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid:	Fredag 17.03.2023
Møtestad:	Thon Hotel Jølster, Skei
Til stades:	Sven Flo, Espen Sortevik, Siri Sandvik og Jan Henrik Nygård
Varamedlem:	Per Ståle Husevåg
Forfall:	Gunnvor Sunde
Administrasjon:	Inge Bent Arnestad Frode Denk

SAK 12/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 13/23 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 02.03.23 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.03.2023

SAK 14-23 ÅRSREKNESKAP 2022

Det vert vist til styret si årsmelding og årsrekneskap med notar for 2022.

Rekneskapen for 2022 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr. 433 437,- mot budsjett på kr. 814 438,-. Resultat etter finans/skatt på kr. 17 638,- mot budsjett på kr. 415 404,-.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat. Styret kjenner ikkje til at det frå rekneskapen si avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling.

Styret foreslår at den framlagde rekneskapen vert fastsett som årsrekneskap for selskapet. Rekneskapen er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

Utfyllande informasjon vart gjeve i styremøtet.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tilrår at den framlagte rekneskapen datert 31.12.2022 / 17.03.2023 vert fastsett som selskapet sitt rekneskap for driftsåret 2022.

Styret si

INNSTILLING

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 15-23 ÅRSMELDING 2022

Det vert vist til styret si årsmelding og årsrekneskap med notar for 2022.

Utfyllande informasjon vart gjeve i styremøtet.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Årsmelding datert 31.12.2022 / 17.03.2023 vert godkjent som styret si årsmelding for driftsåret 2022.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 17.03.2023

SAK 16/23 REVISJON AV REKNESKAP FOR 2022 Kommunikasjon etter revisorlova § 9-5

Det vert vist til vedlagt brev frå Vestland Revisjon – Kommunalt Oppgåvefelleskap:
«Skriftleg kommunikasjon med styret etter revisorloven § 9-5. Brev nr.1»
I samband med revisjon av rekneskapen for 2022, er det i vedlagt brev 4 punkt som revisor kommuniserer til styret som skal handsamast i eiga vedtakssak før 31.03.2023.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek brev «Skriftleg kommunikasjon med styret etter revisorloven § 9-5. Brev nr. 1 til vitande. Administrasjonen får i oppdrag å følge opp merknader frå revisor.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 17/23 BIOGASS I REGIONEN

BAKGRUNN

Viser til vedtak i styresak 07/23:

Administrerende direktør får i oppdrag å vurdere framtidig eigarmodell for nytt biogassanlegg i regionen, samt legge fram driftsmessige og økonomiske vurderingar til styret for endeleg handsaming.

Oppsummering med tilråding:

Administrasjonen vurderer samarbeidsmodell i samsvar med intensjonsavtale med SFE som ein god eigarmodell.

Forutsett at ein sikrar seg avtale på mottak av våtorganisk hushaldningsavfall frå Sunnfjord andre renovasjonsselskap, og våtorganisk næringsavfall frå regionen, kan ei slik investering truleg finansierast åleine av NoMil utan at det vil føre til kostnadsauke i drifta.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Administrerende direktør får i oppdrag å arbeide vidare med skissert eigarmodell for nytt biogassanlegg i regionen, og formalisere samarbeid med Gloppen Næringsorganisasjon om etablering av anna samlokalisert grøn næringsverksemd. Administrerende direktør legg fram driftsmessige og økonomiske vurderingar til styret for endeleg handsaming.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 17.03.2023

SAK 18/23 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status frávær og personale

- Samla sjukefráværet for 1 termin 2023 er 3,05 %, men slik fordeling:
 - 0,92 % korttidsfrávær 1-3 dagar
 - 0,78 % legemeldt frávær 4-16 dagar
 - 1,35 % legemeldt langtidsfrávær over 16 dagar

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær i perioden.

- *Vedlegg: Fráværstatistikk pr 28/2 23*

Status drift

- God drifta på hovudanlegget, og mengde avfall og aktivitet på gjenbruksstasjonane er normalt i forhold til årstida.
- Renovasjonsavdelinga på Nordfjordeid
 - har det siste tida vore utfordringar knytt til nedetid grunna feil og manglar på renovasjonsbilane.
- Renovasjonsavdelinga i Florø
 - Arbeider med utviding av garderobe- og kontorareal. Manglar damegarderobe og tilstrekkeleg herregarderobe med rein/urein sone.

Kartlegging av vegstandar

Sunnfjord Miljøverk skal i gong med eit prosjekt der vi skal vurder renovasjonsrutene, særleg med omsyn til plassering av dunkar. Ein ynskjer å kartlegge dei faktiske forhold for å kunne optimalisere plassering av dunkar med omsyn til trafikksikkerheit, arbeidsforhold for sjåførane og vegane sine bruksklassar. Dette for å opparbeide eit fagleg grunnlag for å ta avgjersle for plassering av dunkar av ein uavhengig 3. part, og vurdere type renovasjonsløyising. NoMil og SIMAS har signalisert at ein ynskjer å delta i dette prosjektet.

- *Vedlegg: Prosjektbeskriving frå SUM*

Ombrukstorg/gjenbruksbutikkar

• Kinn kommune:

I Florø jobbar Kaja Standal Moen frå med å få til bruktbuikk i sentrum. Kommunen har arbeidd med prosjekt i fleire år utan at det har kome initiativ frå oss.

Håpet er å få til ein butikk tilsvarande det dei har på Hamar og Bodø, men tenker det kan vere hensiktsmessig med en miniversjon i første omgang. Prosjekt har endra seg litt etter kvart så dei er usikre kva det blir og når. Kommunen jobbar med lokalar, men ho informerer at dei kjem til å involvere ein del folk og kan ta litt tid.

• Gloppen kommune:

Her jobbar Birte Fossheim vidare med ide om å få det inn i skulen. Dei ser på om det er mogleg å få det inn i undervisningsopplegg på ein måte. Samarbeid mellom bruktbuikk og fasilitetar på skulen (verkstad) for å reparere ting. Arbeidslivsavgift i 8.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 17.03.2023

skuletrinn ved Gloppen Ungdomsskule. Forslag til fleire moglege aktørar på første idémøtet om det viser seg vanskeleg å få til noko med skulen.

- **Stryn kommune:**

Her har vi kontakta eksisterande bruktbuikk (Brukten Stryn) for å høyre om det kan være interessant med ei type løysing der dei kan hente tilsidesette produkt ved stasjonen på Svarstad. Har snakka med Dan Bø hos Tenden Miljø om moglegheit for å legge til rette for eit slikt samarbeid.

Begge er positive så her kan det jobbast vidare med løysing

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--